

Voss folkemuseum
v. Gurid Bonsaksen
guridbon@online.no

6. nov. 2017

Hordaland fylkeskommune
v. Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved
hfk@hfk.no

Kommentar til evaluering av museumsreforma i Hordaland

På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune har Agderforskning gjennomført ei evaluering av museumsreforma i fylket.

Dette var ei tvungen konsolidering, og det var ein tung og vanskeleg prosess. Det var vanskeleg å finna høveleg gruppe for Voss folkemuseum. Me prøvde to andre grupper før me vart styrt over til Hardanger. Me synest konsolidering var unødig, museet fungerte godt som det var.

Eigarstyret har no gått gjennom evalueringa og har fylgjande kommentar.

- Resultatet av evaluering er som venta: I fylgje rapporten er måla oppnådd.
- Ein får ikkje eit rett bilete av kor vellukka konsolideringa har vore når ein vel å ikkje snakka med andre museumstilsette enn leiarane. Andre tilsette – som kunne ha kome med gode innspel - er ikkje høyrde. Det kjem ikkje fram at dette er ei topptung og tungrodd organisering. Det vert ei heller treg kvern. Me får ikkje svar eller reaksjonar frå leiinga (pensjon, utlysing).
- Arbeidsmiljø og trivsel er ikkje med i evalueringa. Store avstandar og ferje mellom nokre av avdelingane. I tillegg er det svært ulike einingar i innhald og storleik; bygdetun/folkemuseum, kunsthus, og ei stor bedrift. Overstyring: innføring av stempeling, val av telefon, lang tid før ei stilling vart utlyst.
- Tapt kompetanse i einingane (kontorfullmektig, økonomi, pensjon, kjøkken).
- Færre tilsette (lenge berre ein handverkar, kafé/kjøkken ute), færre å spela på.
- Forhold til eigarstyra er problematisert s.48 - 54. Tilrådinga frå Agderforskning er klår. Dei bør styvast, reduserast i tal og ein bør sjå om dei i det heile teke har noko å bidra med.
- Me meiner at eigarstyra har vore viktige, er viktige, og vil vera viktige for å halda oppe det lokale engasjementet ved musea. Det er kanskje endå viktigare inn i den komande kommunereforma.
- Lokal forankring er viktig. Det vil vera heilt avgjerande også i framtida. Museet si eiga er gåver og overføringar frå bygdefolket til Voss folkemuseum. Ei konsolidering som skubbar ut museumslag og eigarstyre er ei dårleg konsolidering.

Vår konklusjon er at ingenting er vunne på konsolideringa, diverre.
Framover: Det er heilt nødvendig med ei ny organisering.

Me vonar våre merknader vil vera til nytte i det vidare arbeidet med organisering av musea.
Venleg helsing,
Voss folkemuseum v. Gurid Bonsaksen, leiar eigarstyret.